

Arkiv:
JournalpostID: 19/437
Saksbehandlar: Ørjan Raknes
Forthun
Dato: 05.11.2019

Saksframlegg

| Saknr. | Utvalg | Møtedato |
|--------|--|------------|
| 003/19 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 19.11.2019 |

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune

Vedlegg i saken:

05.11.2019 Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver 1325970
kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 6. januar 2020.

Politisk handsaming

Denne saka skal til handsaming i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i denne omgang. Saka kjem opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 11. februar, og skal endeleg handsamast i kommunestyre 20. februar.

Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland og Radøy slår seg frå 01. januar 2020 saman til nye Alver kommune. Vedtekter som setter rammer for skulefritidsordninga i dei tre noverande kommunane må erstattas med nye. Rådmannen har utarbeida framlegg til nye vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Alver kommune.

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova § 13-7. Vedtekter for skulefritidsordninga vert fastsett av kommunen for offentlege skulefritidsordningar. Vedtektene skal setja rammer for skulefritidsordninga på ein slik måte at dei gjer verksemda forutsigbar jfr. merknader til Ot.prp.nr. 60 (1997-1998).

Vedtektene skal regulera eigarforhold, kven som er opptaksmynde, opptakskriterium, opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen, foreldrebetaling, leike- og oppholdsareal, dagleg opphaldstid og årleg opningstid samt bemanning og leiing.

Høyringsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 19.11.2019:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 003/19 Vedtak:

Framlegg til vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 6. januar 2020.